



Kyrkjerådet

Dalen, 24.11.2020

Svar Høyring om kyrkjeval

Tokke kyrkjelege fellestråd handsama høyring om kyrkjeval og fatta slikt vedtak samrøystes:

Vedtak i fellestrådet

1. Modell for listeval ved val av leke representantar til bispedømmeråd.

Tokke kyrkjelege fellestråd meiner at kyrkjemøtet ikkje må avgrense sokneråda sine høve til å nominere valkomité og kandidatar til bispedømmeråd (og kyrkjemøte). Modellane som kyrkjerådet teiknar opp som alternativ for framtidig prosess for nominering og informasjonsarbeid knytt til kandidatar til bispedømmeval synast å vere meir tilrettelagt å tilfredstille ulike kyrkjelege aksjonsgrupper sine behov meir enn det å utvikle engasjement og deltaking frå den lokale kyrkjelege verksemd. Dagens valordning knytt til bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) bør difor endrast til ein synodal-modell der ein lek representant frå kvart prosti vert vald av sokneråda i prostiet, slik at bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) vert betre forankra til den lokal kyrkjeleg verksemda.

2. Høve til å supplere lister og kandidatar ved val til sokneråd.

Tokke kyrkjelege fellestråd er positiv til alternativ 2 om å opne for supplerande nominasjon til nominasjonskomiteen sitt listeframlegg til soknerådval uansett kor mange kandidatar det er på nominasjonskomiteen si liste.

3. Kommunikasjon om lister og kandidatar (bispedømmerådsval).

Tokke kyrkjelege fellestråd meiner at kyrkjemøtet ikkje må avgrense sokneråda sine høve til å nominere valkomité og kandidatar til bispedømmeråd (og kyrkjemøte). Modellane som kyrkjerådet teiknar opp som alternativ for framtidig prosess for nominering og informasjonsarbeid knytt til kandidatar til bispedømmeval synast å vere meir tilrettelagt å tilfredstille ulike kyrkjelege aksjonsgrupper sine behov meir enn det å utvikle engasjement og deltaking frå den lokale kyrkjelege verksemd. Dagens valordning knytt til bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) bør difor endrast til ein synodal-modell der ein lek representant frå kvart prosti vert vald av sokneråda i prostiet, slik at bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) vert betre forankra til den lokal kyrkjeleg verksemda.

Ein slik ordning vil og gjere det mogleg med meir midlar frå kyrkja sentralt knytt til informasjonsarbeid om kandidatar på soknerådslister – meir lokal informasjonsarbeid om lokalt kyrkjeleg val.

4. Tid og sted for kyrkjeval.

Tokke kyrkjelege fellestråd meiner det ikkje er naudsynt å fastsette bestemmingar om kyrkjeval i kyrkjeordninga.

Tokke kyrkjelege fellestråd ynskjer at val til bispedømmeråd (og kyrkjemøte) vert endra til ein synodal-modell der ein lek representant frå kvart prosti vert vald av sokneråda i prostiet, slik at bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) vert betre forankra til den lokale kyrkjelege verksemda.

Tokke kyrkjelege fellestråd ynskjer å endre tidspunkt for val til sokneråd til stortingsval, slik at lokalkyrkja sitt val ikkje så lett druknar i kommune- og fylkestingsvalet.

5. Personvalreglar

Tokke kyrkjelege fellestråd meiner at ved å endre dagens valordning knytt til bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) til ein synodal-modell der ein lek representant frå kvart prosti vert vald av sokneråda i prostiet, slik at bispedømmeråd (og kyrkjemøtet) vert betre forankra til den lokal kyrkjeleg verksemda,

unngår ein heile problemstillinga knytt til dei ulike valtekniske reglar for kryss/stemmetillegg/sperregrense og oppteljing av listeframlegg og kandidatrekkefølge. Når det gjeld soknerådsval så ynskjer Tokke kyrkjelege fellelråd at dagens ordning vidareførast.

6. Reglar for omfang av førehandsrøysting.

Tokke kyrkjelege fellelråd ynskjer vidareføring av dagens ordning, alternativ 1 og er positiv til eit krav om at det vert gjennomført førehandsrøysting i kyrkje etter gudsteneste minimum ein gong i perioden med førehandsrøysting.

Bjørnar Christensen /sign./
Kyrkjeverja i Tokke